

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: BFD6ZI

Registrert dato: 26.08.2019 22:10:39

Talet på vedlegg: 2

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
 På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Terje

Etternamn

Hopland

Adresse

Seimsleitet 77

Postnummer

5912

Poststad

SEIM

Telefon

95265891

E-post

thop@broadpark.no

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Kommuneplanen sin arealdel 2019-2031
 Oppheving av reguleringsplan Nappane
 Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen 2019-2031

Uttale

Høyringsuttale arealplandelen, del 2

Kfr grovsiling arealinnspel mm, pkt 28.

Ber om at saka vert behandla etter reglane for LNF Spreidd bustadbygging

Viser til mitt tidlegare innspel som vart skrive i frustrasjon over mine erfaringar med Lindås kommune når det gjeld denne saka. Eg har etter politiske samtalar vorte oppmoda om å endra innspelet og ber no om at saka mi vert behandla etter reglane for LNF Spreidd bustadbygging. Eg har ikkje greie på dette, så derfor ber eg administrasjonen ta dette i beste meining.

Eg ber om at de tar opp til ny vurdering: saka gjeld 2 bustadtomter slik vedlegg 1 syner. Tomtane ligg utanfor reguleringsplan for Seim Kyrkje, og etter mi vurdering innanfor LNF-område. Eg har tidlegare peika på ei mistyding når det gjeld dette. Eg trudde at når eg trekte tilbodet om areal til ny kyrkjegard, samt at reguleringsplan for

kyrkjegard ikkje omfatta denne delen av vår eigedom, så vart arealet rekna som landbruksområde. Vidare ser de at det ligg ei stripe LNF mellom parkeringsareal og kyrkjegard. Lfr vedlegg 2.

Eg ber om at saka vert handsama som søknad om utskilling etter reglane for LNF spreidd bustadbygging. Arealet kjem ikkje i konflikt for tidsaktuell landbrukdrift. Det er ført fram kommunal veg, vatn og kloakk til tomtane. Arealet ligg også utanfor byggjeforbod nær kyrkja (60 meterssona), og høgdeforskjellen mellom det omsøkte arealet og kyrkja/kyrkjegard er så stor at det ikkje kjem i nokon visuell konflikt med kyrkja. Det ligg heller ikkje «nær» kyrkja i den forstand at området i Hønsedalen ligg så mykje lågare enn Seimsleitet der kyrkja ligg. Likeein vil «støy» frå bustadene ikkje påverka aktiviteten ved og i kyrkja, og vise versa.

Eg vonar de ser med velvilje på dette innspelet.

Med venleg helsing

Terje Hopland

Vedlagt dokumentliste

Vedlegg 1.pdf

Vedlegg 2.pdf

Vedlegg 2.



Dette må bero på en misforståelse.
Avtalen om salg til kyrkjegard og
parkeringsplass var frelt tilballe. Likevel
har LK feikna aredet inn i kommuneplanen,
men ikkje slik avtalen forelåg. Som de ser
Så er det LNF område mellom parkering og
Kyrkjegard.

Vedlegg 1.



Her ber vi om fradeling av 2
bustadtomtar, LNF Spreidd bustadbygging
Området ligg utanfor regulert
Område.